

Møteprotokoll

Utval:	Klagenemnda
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	11.02.2021
Tid:	12:00-13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Christer Lilleskare Olsen	Leiar	H
Torunn Hole Olsnes	Nestleiar	SV
Kåre Johan Thoresen Spissøy	Medlem	MDG
Hildegunn Kvamme Skare	Medlem	FNB
Stig Morten Frøiland	Medlem	A
Karoline Aldis Bjerkeset	Medlem	SP

Merknader

Ikkje møtt: Alf Terje Mortensen, FrP. Det var 6 medlemmer tilstades.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar, politisk sekretariat
Nils Tore Eldegard	Seniorrådgjevar, mobilitet og samferdsel
Runa Stokke Brogstad	Førstekonsulent, mobilitet og samferdsel
Jannicke Nesøy	Førstekonsulent, mobilitet og samferdsel
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off (lukket)
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i klagenemnda den 08.12.2020	2019/130	X
	Politiske saker		
PS 1/21	Klagesak. Klage på vedtak - Leige av offentleg areal til uteservering - Munken bistro	2020/75523	
PS 2/21	Klagesak. Klage på vedtak om avslag på skuleskyss	2021/1585	X
PS 3/21	Klagesak. Klage på vedtak søknad om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet til barn og ungdom	2021/1586	
PS 4/21	Dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr., 19 bnr. 349 - Kvam herad	2020/35639	
PS 5/21	Klagesak - Klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrse - gnr. 23 bnr. 389 - fv. 540	2020/77156	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i klagenemnda - 11.02.2021

Møteleiar sette fram forslag om at sak PS 2/21 «Klagesak, klage på vedtak om avslag på søknad om skoleskyss» vart teken til slutt.

Vedtak

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

Presentasjon:

Orientering om ny forskrift i TT-ordninga ved Nils Tore Eldegard, Jannicke Nesøy og Runa Stokke Brogstad, frå avdeling for mobilitet og samferdsel.

Informasjon:

Bertil Søfteland, seksjonsleiar politisk sekretariat: kort orientering om dei nye rutinane for skiving av klagesaker til klagenemnda, for administrasjonen.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i klagenemnda den 08.12.2020

Politiske saker

PS 1/21 Klagesak. Klage på vedtak - Leige av offentlig areal til uteservering - Munken bistro

Forslag til vedtak

Klage frå Munken Bistro AS over INV Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2020 , leige av offentlig areal til uteservering langs Kaigaten 20, gnr 166 bnr. 667, langs fv. 577, vert teken delvis til følgje.

Det vert gjeve løyve til leige av fortausareal ved Kaigaten 20, langs fv. 577 med 1,5 meter ut frå fasaden og 7,5 meter langs fasaden. Det vert og gjeve løyve til eit transportareal utan møblering ved inngongen til Kaigaten 20 med 1, 5 meter frå fasaden og 2 meter langs fasaden. Dette gir eit totalt areal på 14,25 m2, der 11,25 m2 er til uteservering og 3 m2 er til transportareal.

Løyve vert gjeve på **følgjande vilkår:**

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyresmaktene har fatta vedtak om, jf. Veglova § 57 2. ledd, 2 punkt. Det betyr at fysisk avgrensning av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedteke.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må difor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

- All møblering skal plasserast direkte på bygolvet.
- Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Munken Bistro AS og Vestland fylkeskommune om leige av offentlig areal til uteservering.

Saksprotokoll i klagenemnda - 11.02.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klage frå Munken Bistro AS over INV Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2020 , leige av offentlig areal til uteservering langs Kaigaten 20, gnr 166 bnr. 667, langs fv. 577, vert teken delvis til følgje.

Det vert gjeve løyve til leige av fortausareal ved Kaigaten 20, langs fv. 577 med 1,5 meter ut frå fasaden og 7,5 meter langs fasaden. Det vert og gjeve løyve til eit transportareal utan møblering ved inngongen til Kaigaten 20 med 1, 5 meter frå fasaden og 2 meter langs fasaden. Dette gir eit totalt areal på 14,25 m2, der 11,25 m2 er til uteservering og 3 m2 er til transportareal.

Løyve vert gjeve på **følgjande vilkår:**

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyresmaktene har fatta vedtak om, jf. Veglova § 57 2. ledd, 2 punkt. Det betyr at fysisk avgrensning av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedteke.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må difor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

- All møblering skal plasserast direkte på bygolvet.
- Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Munken Bistro AS og Vestland fylkeskommune om leige av offentlig areal til uteservering.

PS 2/21 Klagesak. Klage på vedtak om avslag på skuleskyss

PS 3/21 Klagesak. Klage på vedtak søknad om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet til barn og ungdom

Forslag til vedtak

Åsen Vel sin klage av 6. mai 2020 over vedtak om avslag på tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, vert ikkje teken til følgje.

Saksprotokoll i klagenemnda - 11.02.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Åsen Vel sin klage av 6. mai 2020 over vedtak om avslag på tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, vert ikkje teken til følgje.

PS 4/21 Dispensasjon frå byggegrense - fv. 49 - gnr.,. 19 bnr. 349 - Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Klagen vert ikkje teken til følge. Vestland fylkeskommune v/Infrastruktur og veg Forvaltning Vestland sitt vedtak datert 31.01.2020 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense frå fylkesveg 49, vert oppretthalde.

Saksprotokoll i klagenemnda - 11.02.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Klagen vert ikkje teken til følge. Vestland fylkeskommune v/Infrastruktur og veg Forvaltning Vestland sitt vedtak datert 31.01.2020 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense frå fylkesveg 49, vert oppretthalde.

PS 5/21 Klagesak - Klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse - gnr. 23 bnr. 389 - fv. 540

Forslag til vedtak

Klage frå Boguslaw Podlesiecki på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse, vert ikkje teken til følgje.

Saksprotokoll i klagenemnda - 11.02.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (MDG)

Vedtak

Klage frå Boguslaw Podlesiecki på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse, vert ikkje teken til følgje.